

**Fleire toppdagar er Skaugs visjon****09.06.2009**

**Fleire toppdagar er visjonen til Randi Skaug, som måndag skal halda foredrag i Aktivitetshuset i Uskedalen.**

**Hennar strategi er heilt enkelt å handla som ho seier, å gjennomføra det ho har sett seg føre..**

- Næringslivet brukar millionar på å utvikla mål og strategiar, men småpengar på å setje desse iverk. Her er det ein gylden mogelegenhet for foirbetringar, seier Randi Skaug.

Hvis ein lykkast, skaper det overskot og resultata gjev energi til å leva godt også etter arbeidstid, er hennar erfaring.

20. mai 2004 vart ho den første norske kvinnen på Mount Everest og nyttårsaften 2007 fullførde ho Seven summits, det høgste fjellet på kvart av kontinenta. Berre 13 kvinner står på lista over dei som har gjort det.

Sist haust gav ho ut boka Mot toppen, som handlar om mestring og sjølvutvikling, men meir om dei mentale stega enn dei fysiske skritta mot toppen. Boka kom ut på Lars Monsen sitt forlag.

I marknadsføringsopplegget for Randi Skaugs foredrag heiter det at ho overraskar og begeistrar og at ho er ein energibombe på møter av alle slag.

Av Ola Matti Mathisen